

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Tysnes kommune

Arkivsak : 16/184 -
Arkivkode: 504

Sakshandsamar: Morten Anthonessen

Handsamingar:

Utvaksaknr.	Utvål	Møtedato
PS 75/16	FORMANNSKAPET	18.10.2016
PS 73/16	KOMMUNESTYRET	08.11.2016

REGULERINGSPLAN VÅGE SENTRUM FORTSETJING AV SAK 12/1196

- Vedlegg:
- 1. Plankart rev. 05.10.16
 - 2. Føresegner rev. 07.10.16
 - 3. Planskildring rev. 01.02.16
 - 4. Kommentering av merknadar rev.10.10.16
 - 5. Vurderingar naturmangfaldlova rev. 01.02.16
 - 6. ROS-analyse rev. 07.10.16
 - 7. Konsekvensutgreiing rev.07.10.16

SAKSUTGREIING:

Områdereguleringsplan for Våge sentrum har vore til offentleg ettersyn, frist for merknad og fråsegn vart sett til 15.04.16.

Når det gjeld bakgrunn for planarbeid syner me til tidligare saksutgreiing i sak 12/1196.

Plangruppa hadde siste møte 27.05.16 der dei gjekk gjennom eit tjuetals innkomne merknader og fråsegn. Merknad med kommentarar er å finne i vedlegg: « kommentar merknadar rev. 10.10.16»

Planframlegget har no vore gjennom ein prosess fram mot endeleg vedtak.
Som kjent vart situasjonen rundt østers i Svevågen mindre konfliktfylt då østers var nedklassifisert frå ein sterkt til nær trua art.

Vågsneset og Vågsodden er i områdeplan vist som areal primært til bustad samstundes som det er markert med "bestemmelsesområde #1" som betyr at det vert sett krav om detaljregulering av heile «bestemmelsesområde» før større tiltak.

Badeplassen på neset er erstatta med føremål grøntareal, det øvrige areal avsett til bustad på Vågsneset er vist med tomtedelingsplan.

Juridisk binnande vegtrase og parkering i område BAA3 (ungdomshuset) er teke ut, dette er bruk av areal som kan løysast innanfor hovudføremålet.

Den eine nausteigedomen som ligg mellom BUN2 og BSF11 langs vegen ut mot fergekaien får same føremål som BUN2, men byggjegrense mot BSF11 sikrar sjøgløtt.

Det har og vore naudsynt å søkje fråvik frå Statens vegvesen sitt krav til reguleringsbredde på gang- og sykkelareal for å få plass til utbygging av Mandelhuset i samsvar med nye planar.

Andre mindre justeringar etter innkomne merknader er innarbeida i plankart og føresegner.

Det er framleis ikkje kome til semje mellom Tysnes kommune og Fylkesmannen vedkommande motsegn til delar av planframlegget. Det er ein overaskande sterk motstand mot å tillate naust i bustadføremål samt at Fylkesmannen ikkje har klart å akseptera kommunen sitt framlegg som set bygggrense for bustader i sjøkanten innanfor deler av bustadområdet på Vågsneset som gjer at saka no går til vedtak med motsegn frå fylkesmannen. Me viser til at sjølv om byggjegrensa er sett til sjø er det krav om klimatilpassing av bygg, og planen opnar heller ikkje for utfylling i sjø.

Kommunal og moderniseringsdepartementet har stadfesta ovenfor kommunen at dette ikkje vil vera ein sakshandsamingsfeil, men oppmoda partane til mekling i brev dagsett 09.09.16.

Tysnes kommune ga melding til Fylkesmannen om at me ikkje ville motsette oss ei reell mekling. Tysnes kommune har gjennomført to tidlegare møte med Fylkesmannen og har i stor mon innarbeidd Fylkesmannen sine føringar i planen som no ligg føre.

Det er særstakt viktig for den vidare utvikling av Våge og Tysnes at me no får på plass sentrumsplanene, og det er difor leit at Fylkesmannen vel å halda fast ved sine motsegn til planframlegget. Våge har fram til dags dato vore styrt gjennom dispensasjonar og forsøk på å avklara utviklinga gjennom plan, har stranda frå dei første forsøka heilt attende til 80 talet. Korkje Fylkesmann eller Tysnes kommune er tent med ei utvikling som også i dag vert styrt av dispensasjonar i det som er peika ut som handelssentrum i Tysnes. Etter vårt syn er det ikkje lagt opp til noko dramatisk utbyggjing eller privatisering av større urørte områder, men ein liten del av Våge sentrum er avgrensa i eigen plan i eit område som allereie er utbygd og etablert.

Tysnes kommune har allereie gjennomført fleire møte med Fylkesmannen og har i stor mon tilpassa seg dei føringar som er gjeve gjennom desse møta. Me har bede Fylkesmannen om å anten trekka si motsegn eller gje signal om kva handlingsrom Fylkesmannen ser føre seg i ei eventuell mekling. Fylkesmannen har ikkje respondert på dette.

Med bakgrunn i kor saka no står, så vert planframlegget sett opp som sak i formannskap og kommunestyre, med instilling om vedtak av plan med motsegn frå Fylkesmannen i Hordaland.

Fylkesmannen vil framleis vera klageinstans når det gjeld andre forhold til planframlegget.

Vidare saksgang vil vera at kommunen utarbeider eit oversendingsskriv til saka og sender dette via Fylkesmannen vidare til Kommunal og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd.

Avgjerd i Departementet vil resultera i eit av tre moglege scenarioar: fylkesmannen sine motsegn vert avvist, Fylkesmannen sine motsegn vert delvis teke til følgje eller Fylkesmannen sine motsegn vert teke til følgje.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Med heimel i § 12-12 i plan og bygningslova vedtek kommunestyret områdereguleringsplan for Våge sentrum, Tysnes kommune med tilhørande føresegner.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 18.10.2016:

I samsvar med innstilling.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 08.11.2016:

I samsvar med framlegg frå formannskapet.